

Hardangervidda Grunneigarsamskipnad (HG)

Hønefoss, 02.04.2014

nbjoer-v@online.no

REFERAT FRÅ STYREMØTE 28.03.2014

Skinnarbu Høgfjellshotell, Tinn, 28.03.2014, kl.13.00-13.45

Til stades: Johan Vaa, Stein Werpe, Anve Myklatun, Odd Gunnar Vikan, Per Helge Sekse, Bergfinn Kvalnes og Nils Bjørn Vistad (sekr.).

Meldt avbud: Robert Pedersen og vara Nils Kvåle.

Sak 1. Avtale om sekretariatshald

Avtala med Viken Skog ifrå 11.11.2002 opphøyrer som fylgje av at sekretæren nyleg er pensjonert og avdi Viken Skog har prioritert bort dette saksfeltet i sitt framhald.

Sekretæren har meldt interesse for å halde fram i «vervet» og har etablert enkeltmannsforetak. Leiar refererte utkast til ny avtale med Nils Bjørn Vistad.

Vedtak: HG signerer avtale med NBV om framhald av sekretariatet på privat basis, pr. 28.03.2014.

Sak 2. Gjennomgang av årsmøteopplegg og årsmøtesaker

Gjennomgang og arbeidsdeling: Ordstyrar/møteleiing (SV), skrivar (NBV), opprop (NBV), årsmelding (JV), rekneskap (kasserar Kit H. Flaata), godtgjering til tillitsvalde (OGV), medlemskontingent (AM), budsjett (BK) og arbeidsprogram (PHS).

Vedtak: Samrøystes til etterretning og for framlegging/behandling i årsmøtet.

Sak 3. Auka fokus på bruk av fiskeressursane på Hardangervidda

Styret hadde fått eit innspel frå Emil Steira, Dagali om dette. Innsendt til sekretæren som e-post og vidaresendt styret. Han meinte det er unytta ressurser i stort omfang og at der er ein marknad til gode prisar for foredla fiskeprodukter, og oppmoda difor HG om initiativ til dette.

Vedtak: Styret meiner dette kan vera eit bra tiltak og ber sekretæren starte opp eit arbeid for avklaring av interessen blant medlemmene og fagleg innhald for ei samling om dette, i samarbeid med organisasjonen «Hanan» (der «Norsk Innlandsfiskelag» nå er innslutta). Det er her aktuelt å bruke både HG-Nytt og Heimesida til HG. Interessen vil avgjere om ein konkret skal gjennomføre ei fagsamling.

Sekr. orienterar årsmøtet om dette.

Sak 4. Isdal pumpe og kraftverk

Frå vårt medlem Simadal Sameige, Eidfjord, var innkome førespurnad om støtte til sameiget sitt kritiske syn på aktuell konsesjonssøknad frå Statkraft. Saka vart drøfta og ein fann vel at saksfeltet låg noko på sida av det HG hadde primærkunnskap om, men at ein prinsipielt bør støtte opp når medlemmer etterlyser slik støtte i lokale saker.

Vedtak: Sekretæren fekk fullmakt til å utforme eit svar i samsvar med dette, dvs. at ein primært støtter det synspunt Simadal Sameige har i saka, med særleg fokus på at grunneigeranes rettigheter i prosessen vert ivaretatt.

Sak 5. Lokal forvaltning

Johan orienterte kort om eit møte med Klima og miljødepartementet (KMD), om lokal forvaltning av Hardangervidda. Det ligg store utfordringar knytt til dette, og ikkje minst er det i dag m.a. ulik erfaring med tilsynsutvala rundt Vidda. Saka vil koma opp att som orienteringssak på fagmøtet dagen etter.

Vedtak: Til orientering.

Det vart elles i møtet kort gjennomgang av kontingentrestansar, manglande e-postadresser og reiseregningar.

Nils Bjørn Vistad
sekr.